Tiltak etter vassressurslova (minikraftverk, elveføre-bygging, flaumsikring, demningar, fjernvarmeanlegg m.m.)	Vassressurslova	Gi høyringsuttale og utøve forvaltningsmynde etter KML	FRM	FRM v/fylkesdirektør NKA	Kommuneansvarleg arkeolog (sjå liste med kommuneoversikt) Knut Åland (nyare tids kulturminner)	-Inngående journalpost vert registrert på arkeolog med kommuneansvar. Behandlingsansvarleg opprettar utgåande svarbrev og legg inn sakshandsamar på nyare tid som medavsendar, evt. gjer avtale om at sakshandsamar på nyare tid overtek som behandlingsansvarleg. Ved behov vert det innhenta planfagelge vurderingar frå plansjefen. -Behandlingsansvarleg har ansvar for å sende ut svarbrev innan høyringsfristen (evt. be om utsett frist), samt å følgje opp evt. klagehandsaming
Tiltak etter jordlova m/forskrifter (nydyrking, jordbruksvegar, m.m.)	Jordlova	Gi høyringsuttale og utøve forvaltningsmynde etter KML	FRM	FRM v/fylkesdirektør NKA	Kommuneansvarleg arkeolog (sjå liste med kommuneoversikt) Knut Åland (nyare tids kulturminner)	-Inngående brev vert registrert på arkeolog med kommuneansvar. Behandlingsansvarleg opprettar utgåande svarbrev og legg inn sakshandsamar på nyare tid som medavsendar, evt. gjer avtale om at sakshandsamar på nyare tid overtek som behandlingsansvarleg. Ved behov vert det innhenta planfagelge vurderingar frå plansjefen. -Behandlingsansvarleg sender svarbrev innan høyringsfristen (evt. be om utsett frist), samt å følgje opp evt. klagehandsaming

I nokre saker kan det vere aktuelt at Bygg- og eigedom bidreg. Behandlingsansvarleg hjå plansjefen har ansvar for å følgje opp dette i aktuelle saker.

Vi viser til ...

Saka gjeld ...

Kulturminne frå nyare tid

Automatisk freda kulturminne

Sogn og Fjordane fylkeskommune har i dag ikkje kunnskap om automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet. Vi har såleis ikkje avgjerande merknader til planen når det gjeld omsynet til automatisk freda kulturminne.

Vi ser likevel ikkje bort i frå at det kan ligge automatisk freda kulturminne i det området som søknaden gjeld. Vi ber difor om at tiltakshavar vert gjort merksam på følgjande.

Tiltakshavar har plikt til å vise varsemd og til å straks melde frå til Sogn og Fjordane fylkeskommune ved Kulturavdelinga dersom ein under arbeidet skulle støyte på automatisk freda kulturminne, jfr § 8, 2. ledd i Lov om kulturminne.

Automatisk freda kulturminne kan i denne samanheng vere konsentrasjonar av trekol i undergrunnen eller i groper, steinsettingar eller samling av stein, samt våpen, reiskap og liknande i metall eller stein.

Vi viser til ...

Saka gjeld...

Automatisk freda kulturminne

Sogn og Fjordane fylkeskommune stiller med dette krav om arkeologiske registreringar i samband med...

Informasjon om registreringa er nærare utgreia i prosjektplanen som ligg vedlagt.

Vi gjer merksam på at søknaden/planen ikkje kan vedtakast i kommunen forut for at fylkeskommunen har gjeve endeleg fråsegn på grunnlag av varsla registrering.

Prosjektplan for arkeologisk registrering i samband med kommune, Sogn og Fjordane

Saka gjeldi samband med kommune, Sogn og Fjordane fylke.

Potensialvurdering

I planområdet er det potensiale for automatisk freda kulturminne, det gjeld primært spor etter aktivitetsstader / buplassar frå steinalderen. Kulturminna gjev viktig informasjon om busetnad og ressursutnytting i lenge før det finst skriftlege opplysningar.

Kraftlinja går i stor grad i utmark. Lengre strekningar går likevel ikkje langt frå dagens innmark. På dei fleste av desse gardane må det ha vore gardsdrift i jernalder og mellomalder, moglege også tidlegare. I områda er det potensiale for automatisk freda kulturminne i samband med bruk av utmarksressursar. I innmarksområda er det potensiale for funn av gamle åkrar og annan jordbruksaktivitet i førhistorisk tid og mellomalder.

I samband med planarbeidet må tiltakshavar si undersøkingsplikt gjennomførast i området for å avklare om planlagde tiltak vil ha direkte eller indirekte verknad på automatisk freda kulturminne. Planlagt tiltak utgjer eit offentleg/større privat tiltak. Vi viser til lov om kulturminne §§ 9 og 10;

§ 9: Ved planlegging av offentlege og større private tiltak plikter den ansvarlige leder eller det ansvarlige forvaltingsorgan å undersøke om tiltaket vil virke inn på automatisk fredete kulturminner på en måte som nevnt i § 3 første ledd, jfr. § 8 første ledd. Undersøkelsen kan foregå ved at planen for tiltaket sendes vedkommende myndighet etter loven her, som skal avgi uttalelse innen 3 måneder.

§ 10: Utgifter til særskilt gransking av automatisk fredete kulturminner eller særskilt tiltak for å verne dem på grunn av tiltak som nevnt i §§ 8 og 9, bæres av tiltakshaveren.

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1978-06-09-50>

Registreringsmetode, omfang og framdrift

Undersøkinga blir gjennomført ved hjelp av prøvestikking, overflateregistrering og maskinell sjakting. Ved desse metodane kan det lokaliserast areal med kulturminne med eller utan synleg spor på markoverflata. Maskinell sjakting er eigna til å påvise automatisk freda kulturminne i dyrka mark.

Det er budsjettert med inntil 4 dagsverk, og inntil 2 dagar til etterarbeid i denne saka. I tillegg kjem inntil 3 stk 14-C prøver i fall det vert påvist relevant dateringsmateriale. Katalogisering av eventuelle gjenstandsfunn blir utført av Universitetsmuseet i Bergen.

Vi gjer merksame på at kostnader knytt til gravemaskin er ført opp i budsjettet, men desse er tentative. Det er berekna bruk av maskin i ... dagar i ... timar. Transport av maskin er sett til kr 3000 tur/retur. Dersom tiltakshavar disponerer gravemaskin, ber vi om å bli orientert om dette. Gravemaskina må minimum vere 13 tonn og ha pusseskjer.

(Det er lagt inn kostnader til kabelpåvising etc i geomatikk ved behov/metalldetektor)

Budsjettet viser ei øvre ramme for arbeidet og kostnader (2017- satsar). Dersom vi finn kulturminne, vil det ta tid å avgrense og dokumentere desse. Dersom vi ikkje gjer noko funn undervegs, vil undersøkinga ta kortare tid. Vi tar atterhald om auke i satsane dersom registreringane ikkje vert gjennomført i år.

Registreringa blir sett opp på arbeidsplan når aksept på budsjettet er motteke. Registreringa kan gjennomførast vår/sommar/haust 2018. Registreringar i dyrka mark bør gjennomførast etter håslåtten/andre slåtten.

Vi gjer merksame på at søknaden/planen ikkje kan vedtakast i kommunen forut for at fylkeskommunen har gjeve endeleg uttale på grunnlag av varsla registrering.

Sogn og Fjordane fylkeskommune, Nærings- og Kulturavdelinga

Kommune - sak/plan - Tilbakemelding etter arkeologisk registrering

Sogn og fjordane fylkeskommune gjennomførte arkeologiske registreringar i samband med **plan/tiltak** i perioden (**dato**).

Føremålet med registreringa var å oppfylle tiltakshavars undersøkingsplikt jamfør kulturminnelova § 9.

Planområdet vart undersøkt ved (**metode**) Det vart primært leita etter automatisk freda busetjingsspor, dyrkingsspor og gravminne. ... timar er nytta til feltarbeid og ... timar er nytta til før og etterarbeid. ... C14 prøver er send inn til datering.

Automatisk freda kulturminne

Følgjande automatisk freda kulturminne vart påvist:

Lokalitetsnamn, id, gbnr: - kort skildring av plassering, utbreiing og funn.

For utvida informasjon kring registrerte kulturminne, sjå vedlagd registreringsrapport.

Vi gjer merksam på at det er forbod mot inngrep i automatisk freda kulturminne med mindre det vert gjeve løyve til det av Riksantikvaren jf. kulturminnelova § 3 og 8 med føreskrifter.

Forbodet gjeld og sikringssona som om sluttar kulturminnet jf. kulturminnelova § 6. Sikringssona har ei minste utstrekning på fem meter frå kulturminne, med mindre anna er oppgjeve.

Informasjon kring plassering og utbreiing på kulturminne og sikringssona kan ein finne på askeladden.ra.no.

Sjølv om planområdet er intensivt registrert, kan vi ikkje sjå vekk i frå at det kan ligge automatisk freda kulturminne i planområdet som ikkje er synleg på overflata.

Vi ber difor om at tiltakshavar vert gjort merksam på følgjande.

Tiltakshavar har plikt til å vise varsemd og til å straks melde frå til Sogn og Fjordane fylkeskommune ved Kulturavdelinga dersom ein under arbeidet skulle støyte på automatisk freda kulturminne, jfr § 8, 2. ledd i Lov om kulturminne.

Automatisk freda kulturminne kan i denne samanheng vere konsentrasjonar av trekol i under grunnen eller i groper, steinsettingar eller samling av stein, samt våpen, reiskap og liknande i metall eller stein.

Nyare tids kulturminne

Nyare tids kulturminne er viktige kjelder til kunnskap om og opplevinga av vår nære førhistorie.

Innanfor planområde ligg det ... SEFRAK registrerte bygningar. SEFRAK registrerte bygningar er hundre år eller eldre. Alle tiltak som medfører endringar på, eller fare for skade/skjemming av SEFRAK bygg skal leggast fram for fylkeskommunen til vurdering.

Andre nyare tids kulturminne...og evt om vi anbefaler bevaring av desse.

Tilråding

Forenkla dispensasjon 8, fjerde ledd

I denne saka ser vi at kulturminna kjem i direkte konflikt med føremålet i planen. Vi rår derfor til at kulturminna blir frigjeve. Sidan er eit vanleg førekommande kulturminne, har Sogn og Fjordane

fylkeskommune mynde til å sjølv fatte dispensasjonsvedtak utan nærare arkeologisk gransking. Kulturminnet/a er undersøkt og dokumentert godt nok i samband fylkeskommunen si kulturminneregistrering.

Fylkeskommunen fattar dispensasjonsvedtaket, jamfør lov om § 8 fjerde ledd, når planen kjem på offentleg høyring. Kulturminnet id skal merkast i plankartet som Bestemmelsesområde #1, #2, osv., eventuelt òg med ID-nummer.). Følgjande tekst skal takast inn i arealføremålet i føresegna: « Det råka kulturminnet, id, som er markert som Bestemmelsesområde #1, #2, osv. /eventuelt òg med ID-nummer i plankartet, kan fjernast utan ytterlegare arkeologiske undersøkingar.»

Dispensasjon etter § 8, fjerde ledd

Sogn og Fjordane fylkeskommune ser at føremålet i planen ikkje samsvarar med vern. Utdjupe kvifor Vi vil derfor rå til at dei registrerte automatisk freda kulturminna vert frigjeve frå lov om kulturminne § 8, 4 ledd.

Når planen kjem på offentleg høyring vil Sogn og Fjordane fylkeskommune sende over planen til Universitetsmuseet i Bergen for fagleg tilråding, og til Riksantikvaren som fattar endeleg vedtak i saka. Universitetsmuseet i Bergen lagar prosjektplan og budsjett som kjem fram i vedtaket til Riksantikvaren. Det kan vere hensiktsmessig å legge inn god nok frist på den offentlege høyringa , så vi får tid til å innarbeide høyringsfråsegna frå Riksantikvaren.

Dei automatisk freda kulturminna skal merkast i plankartet som bestemmelsesområde med bestemmelsesgrense. Vi anbefaler at bestemmelsesområda nummererast fortløpande slik: #1, #2, osv., eventuelt òg med ID-nummer. Ei tilhøyrande reguleringsføresegn skal takast inn under det aktuelle i arealføremålet dispensasjonen er gitt for, eventuelt i fellesføresegna:

#1 Før utbygging kan settast i gang, skal det gjennomførast arkeologisk gransking av det/dei arkeologiske freda kulturminnet ID...

Det skal takast kontakt med Sogn og Fjordane fylkeskommune i god tid før tiltaka i planen skal settast i gang slik at omfanget av granskinga kan fastsettast (§ 10 vedtak).

Utgifter i samband med den arkeologiske granskinga, skal dekkast av tiltakshavar, jf. Kulturminnelova § 10.

Det er Universitetsmuseet i Bergen som utfører dei arkeologiske utgravingane etter at § 10 vedtaket er fatta.

Regulering til bevaring

Sogn og Fjordane fylkeskommune føreset at alle kjende automatisk freda kulturminne (*eller spesifikt kva for kulturminne ...id ..*) vert merka av i planen som omsynssone d) bandlagt etter kulturminnelova i plankartet jf. Pbl. § 11 - 8, SOSI - kode H - 730. Omsynssone d) skal ha svart rutenettskravur. (I denne saka kan det med fordel lagast ein større buffer – hensynssone c) H570.) Det må òg komme fram i føresegnene av omsynssona(/nene) at kulturminna i planen er automatisk freda.

Faktura etter kulturminneregistreringane kjem i eige brev.

Ta gjerne kontakt om det er spørsmål.

Konklusjon

Vi viser til brev, dagsett

Vi viser til Rundskriv T-02/07 frå Landbruksdepartementet/Miljøverndepartementet som omhandlar tiltak omfatta av både nydyrkingsføreskrifta og kulturminnelova §§ 9 og 10. I følgje rundskrivet som gjeld undersøkingsplikta og kostnadsdekning, er det lagt til grunn at nydyrkingstiltak som utgjer 15 dekar eller meir av samla overflate over ein periode på 5 år, er eit større privat tiltak.

Jamfør § 9 plikter den ansvarlege leiar eller forvaltningsorgan ved planlegging av større offentlege eller private tiltak etter lova § 8, første ledd, å undersøke om tiltaket verkar inn på automatisk freda kulturminne på ein måte som er nemnt i lova § 3, første ledd. I følgje same rundskriv skal regional kulturminnemynde, dvs fylkeskommunen, òg få høve til å komme med fråsegn i tiltak som ikkje er å rekne som større private tiltak.

Det er ikkje opplysningar i arkivet om automatisk freda kulturminne innanfor det aktuelle området for oppdyrking på, gnr , bnr , i ...kommune. Fylkeskommunen vurderer potensiale for uregistrerte automatisk freda kulturminne i området som lite. På slikt grunnlag ser vi at det omsøkte arealet ikkje fell inn under føresegnene i nemnde rundskriv.

Vi understrekar at dersom det i samband med tiltak i marka vert oppdaga automatisk freda kulturminne som tidlegare ikkje er kjend, skal arbeidet stansast i den utstrekning det råkar kulturminna eller sikringssonene deira på fem meter. Det er viktig at dei som utfører arbeidet i marka òg er gjort kjend med dette. Melding om funn skal straks sendast Sogn og Fjordane fylkeskommune, Nærings- og Kulturavdelinga, j.fr. lov om kulturminner § 8, andre ledd.

Det er kommunen som har vedtaksmynde i saker som gjeld nydyrking og inngrep i kulturlandskapet. Tiltaket må derfor ikkje starte opp før det er avklart med landbrukskontoret i kommunen.

Klage handsaming

Klage så tidleg som mogeleg og helst rett etter at vedtaket til kommunen er kjent. Dette for å stoppe at vedtaket vert sett ut i livet før klaga er handsama og «kjøpe» litt tid til å formulere sjølve klaga. Dersom det er stort arbeidspress held å sende eit slikt brev innan klagefristen er ute.

Vi viser til brev av 13. oktober 2016, der xxxxxxxx kommune varslar om at det er gjeve løyve til riving av ein verneverdig uthus/låve i xxxxx xxxxx, dykkar referanse til utval for Plan og utvikling, sak 057/16

Skriv litt om saka og vise til reguleringsføresegnene

Den gamle tømra låvebygningen står sentralt plassert i xxxxxx og er i dag eit landemerke i bygda. Bygningen er registrert i SEFRAK- og er her datert til perioden 1825 – 1849. Sjølv om bygningen etter kvart har fått betydeleg skade etter angrep av husbukk, vil det vere uheldig å rive bygningen for å erstatte denne med noko heilt nytt. Etter reguleringsføresegnene heiter det at; bygg som må fjernast skal om mogeleg erstattast med nybygg som i form, storleik, farge og materialbruk fell naturleg inn i den eksisterande bygningsmassen.

Ut i frå dei føringane som ligg i reguleringsplanen og det spesielle landskapselementet den gamle driftsbygningen utgjør i xxxxxxxx, vil det etter vår vurdering vere naturleg at bygningen får stå som den er eller at den vert restaurert. Riving er etter vår vurdering direkte i strid med reguleringsføreemålet, bevaring. (**..direkte i strid med syner eigentleg til pbl §19.2 ...er i strid med planen**)

Viktig å ha med rett saksnummer kva organ i kommunen som har fatta vedtaket (politisk eller administrativt) og kva datoen det er fatta. Viktig å få med at fylkeskommunen krev vedtaket oppheva

Sogn og Fjordane fylkeskommune, klagar med dette på xxxxxxxx kommune sitt vedtak i sak 057/16 handsama i utval for Plan og utvikling 3. oktober 2016. Grunngeving for klaga er at det etter vårt syn ikkje i tilstrekkeleg grad er teke omsyn til dei kulturhistoriske verdiane slik det går fram av reguleringsplan for xxxxxxxx av 10. mai 1996, der den gamle tømra driftsbygningen i xxxxxx er regulert til spesialområde bygnings- og landskapsvern, SB7. Vi ser det som naturleg at vedtaket i sak 05 7/16 vert oppheva.

Sogn og Fjordane fylkeskommune vil sende nærmare grunngeving for klagen i eige skriv.

Vi ber om at xxxxxxxx kommune sitt vedtak i sak 057/16 får utsat iverksetjing – oppsetjande verknad etter forvaltningsloven § 42 slik at vedtaket ikkje kan setjast i verk før etter at klagahandsaminga er avslutta.

Kopi til:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane Njøsavegen 2 6863 LEIKANGER

Utforming av sjølve klageskrivet

xxxxxx kommune - gnr 51 bnr 41 xxxxxxx. Klage på vedtak om riving av verneverdig uthus

Vi viser til brev av 13. oktober 2016, der xxxxxx kommune varslar om at det er gjeve løyve til riving av ein verneverdig uthus/låve i Undredal sentrum og til vår klage i brev av 28. oktober 2016. Saka har fått oppsetjande verknad fram til klagen er ferdighandsama. Dykkar referanse er, utval for Plan og utvikling, sak 057/16.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har i brev av 20. juni 2014 gjort slik uttale i saka:

Etter Sogn og Fjordane fylkeskommune sin kulturminnefaglege vurdering, kan vi ikkje tilrå riving av bygningar som ligg i område regulert til spesialområde bevaring. Ut i frå dei føringane som ligg i reguleringsplanen og det spesielle landskapselementet den gamle driftsbygningen utgjer i xxxxxxx, vil det etter vår vurdering vere naturleg å restaurere bygningen. Riving vil i denne saka vere direkte i strid med reguleringsføremålet, bevaring. Det er vanskeleg å sjå at grunngevinga for søknaden skal tilseie at bygningen kan rivast.

xxxxxx kommune har i sak 057/16 gjort slikt vedtak:

xxxxxxx kommune gir dispensasjon frå reguleringsplan for xxxxxxxx, til ombygging, riving og nybygg på gnr 51, bnr 41 i xxxxx. Vilkår for dispensasjon:

- nybygg blir lafta som i dag
- bygget blir forlenga ca 2 m i forhold til framlagte skisse
- reviderte teikningar må medfølge søknad om riving

Kopier vedtaket eller summer opp hovudpunkta i vedtaket

Bakgrunn for saka

Saka gjeld riving av xxxlØa i xxxx. xxxxxx kommune har motteke søknad om rammeløyve for riving og ombygging av uthus/lØe, utbetring av murane etter lØa og bygging av tak over uteplass med eldstad.

Etter gjeldande reguleringsplan for xxxxxx, er området regulert til spesialområde bygnings- og landskapsvern, SB7. Låvebygningen det er søkt om å få rive, er merkt som eksisterande bygg eldre enn år 1900, som inngår i plan. (er markert med feit strek i kartet pbl1983) Riving av låven krev dispensasjon frå reguleringsplan. Føremålet med reguleringsplanen er å verne om xxxxxxx sitt særpreg i busetnad og landskapsform.

Der den gamle driftsbygningen står, er arealet regulert til Spesialområde – bygnings- og landskapsvern. Bygg som er bygde før 1900 og er vist med raster, skal ikkje rivast.

Det er søkte om dispensasjon frå kommuneplanen 2008-2020 med grunnlag i størrelsen på det nye stØlshus på xxxx. Etter retningslinjene til kommuneplanen heiter det: I stØlsområdet bør det berre førast opp enkle bygningar inkludert bislag, i hovudsak i same storleik og materialval som opphavleg stØlshus.

Arealet er omfatta av kommuneplanen for xxxxxxx 2008-2020 og er regulert som LNF- område.

Kulturminnefagleg vurdering

Den gamle tØmra låvebygningen står sentralt plassert i Undredal og er i dag eit landemerke i bygda. Bygningen er registrert i SEFRAK- og er her datert til perioden 1825 – 1849. Sjølv om bygningen etter kvart har fått betydeleg skade etter angrep av husbukk, vil det vere uheldig å rive bygningen for å erstatte denne med noko heilt nytt. Så lenge det ikkje vert gjort spesielle tiltak på den gamle låven, er tilstanden ikkje verre enn at bygningen kan stå i lang tid enno. Dette kjem tydeleg fram i søknadspapira gjennom oppsummeringa til xxxxxxxxx.

xxxxxx har gjort ei kulturhistorisk analyse av xxxxlØa, LØe i xxxxxx gnr 51- bnr 4 (22.09.2015) med forslag til tiltak:

Løa kan stå slik den står i mange år ennå, men den vil gradevis forfalle viss ikkje tiltak blir satt i verk

Les nøye sakspapira og bruk dei argumenta som understrekar det synet vi vil framheve.

xxxxløa er eit sentralt bygg i xxxxxx. Dette går fram både av gjeldande reguleringsplan og i arbeide med å utforme ny reguleringsplan for bygda. Bygningen er i tillegg dokumentert av arkitekt xxxxxx i restaureringsplan for xxxxxxxx. I den samanheng vert det lagt vekt på at det ikkje er gjort større tiltak på bygningen, den er i stor grad autentisk. Låven har ein høg kulturhistorisk verdi og er eit av dei eldste symbolbygga på strandstaden xxxxx. Dette går tydeleg fram av ei forholdsvis fersk stadanalyse for xxxxx og ikkje minst av utgreiinga til xxxxxxxx, som ligg ved sakspapira. Vi er av den grunn undrande over at det no er gjort eit politisk vedtak i strid med det som går fram av arbeidsdokumenta til ny detaljregulering områderegulering.

I samanheng med pågåande områderegulering i xxxxxxxx har det blitt utvikla ei stadanalyse av xxxxxxxx; xxxxxxxx ressurskartlegging - analyse – moglegheiter (17.04.2015) xxxxxxxx xxxxxxxx, her heiter det:

Det er viktig å ta vare på dei få andre gamle bygningane som står att i grenda. Dei gjev ei historisk tyngd, og forankrar landsbyen til ressursane som gjorde et mogleg å leva her tidlegare. Nokre av dei er signalbygg. Eit av dei viktigaste elementa i bygningsmiljøet i sentrum er xxxxxxxløa. Løa er eit sentral bygg i sentrum, både bokstaveleg tala og i overført betydning. Løa forankrar sentrum og bygda, og viser at vi har ein gamal busetnad knytt til landbruk. Foret i løa vart slått og tørka på xxxxxx og rodd heim hit. Her er og oppslagstavla for alt som foregår i bygda, den fungerer som kulturformidlar også for turistar som besøker bygda og som vil sjå kva folk driv med her. Eit anna bygg er xxxxx stova, den blir restaurert no. Xxxxxxx ved kaien vart restaurert for nokre år sida. Bygningane er dokumentert av xxxxx i restaureringsplan for xxxxxxxx. Andre eldre bygningar har fått ny kledning og er gjerne meir oppgraderte og vedlikehaldne

xxxxx xxxxxxxx har i samband med stadanalysen peika på ein del større tiltak som kan koplast opp mot reguleringsplanen. Eit av tiltaka er å oppretthalde xxxxxxxløa som del av den viktige kulturhistoria i sentrum og som styrkar landsbypreget, gjennom restaurering.

Løyve til oppføring av «sel» med tydeleg hyttepreg i eit LNF- og tradisjonelt stølsområde, vil etter vår vurdering lett føre til presedens. Ein slik presedens vil igjen vere med på å undergrave kommuneplanen som eit effektivt informasjons- og styringsdokument for xxxxx kommune. Denne presedensen vil ikkje berre gjelde for område rundt xxxxxxxx, men i heile xxxxxx kommune. Dersom vedtaket i sak 037/17 vert ståande, vil det vere vanskeleg å ta vare på dei meir tradisjonelle stølsområda for å skape utvikling av ny næringsverksemd gjennom tradisjonell oppleving, læring og formidling.

Vurdering

Vilkåra for å gje dispensasjon frå reguleringsplaner er gjennom ny plan- og bygningslovgjeving stramma noko inn. Søknad om dispensasjon skal i tillegg grunnjevast. Det er i denne saka vanskeleg å sjå ei vektig grunnjevning for å gje dispensasjon. I søknaden ikkje lagt vekt på dei store kulturhistoriske verdiane i xxxxx og korleis eit nybygg vil påverke spesialområde for bygning- og landskapsvern i strandsitjarstaden.

Frå xxxxxx ved arkitekt xxxxxxxx ligg det på vegne av xxxxxx føre ein søknad om ombygging, riving og nybygg på gbnr 51/41. Dispensasjonssøknaden, frå arkitekt xxxxxxxx har slik grunnjevning:

Både ytterveggar og tak på løa er i så dårleg stand at eigaren ser det som umogleg å restaurera løa til ein akseptabel stand. Huset har heller ingen bruksmessig verdi. Dei gamle murane vil bli sett i stand so godt som råd og vil danne grunnlag for ny uteplass, delvis med tak over.

Ansvarleg søkjar, xxxxxxxx, (15.01.2016) har uttalt seg slik til dispensasjonssøknaden: *Noverande eigar har ikkje bruk for ein slik bygning, og bygg som ikkje vert brukt går det som regel nedover med. Bygget vil og ta mesteparten av tomta mot nord slik at hovedhuset ikkje får nokon fin uteplass. Ein skjerma uteplass er det behov for.*

Grunngjevinga for søknaden er det viktig å vurdere nøye. Private mål og ynskje er ikkje dispensasjonsgrunn. I grunngjevinga for klaga må det leggjast vekt på verneverdien.

De kan sjå ut til at søkjar si grunngjevinga for dispensasjon legg mest vekt på moglegheitene til å skape ei ny skjerma uteplas med tak over. Ei slik grunngjeving støttar opp om eigar sine private målsetjingar, men set samtidig til side dei overordna samfunnsinteressene ei overordna reguleringsplan skal ivareta. Riving av xxxxxx vil etter vår vurdering setje reguleringsføremålet, spesialområde bygnings- og landskapsvern vesentleg til side. Det er vanskeleg å sjå at grunngjevinga for søknaden skal tilseie at bygningen kan rivast. Ut i frå dei føringane som ligg i reguleringsplanen og det spesielle landskapselementet den gamle bygningen utgjør i xxxxxxx, vil det etter vår vurdering vere naturleg å restaurere bygningen. Dette er likevel ikkje noko krav. xxxxxx gjer seg best i landskapet slik den står i dag. Riving vil i denne saka vere direkte i strid med reguleringsføremålet, bevaring.

Grunngjevinga for vedtaket er viktig spesielt dersom det ikkje er samsvar mellom saksutgreiing og vedtak. Vedtaka under er ikkje grunngjevne på ein god måte.

xxxxxx kommune ved utval for Plan og utvikling har i vedtaket til saka lagt vekt på at;
- Føremålet for bruk er udelt positivt og det er tidlegare gjeve løyve til bygg i tilsvarande stoleik i same området.

Frå plan- og bygningsloven

Ei reguleringsplan er utforma gjennom ein omfattande prosess med mange ulike avvegingar og vedteken av kommunen sitt øvst folkevalde organ, kommunestyret. Det skal av den grunn ikkje vere ei kurrant sak å fråvike ei stadfesta reguleringsplan

Eller slik

Gjeldande mål for ei nasjonal kulturminneforvaltning er uttrykt slik:

“Mangfaldet av kulturminne og kulturmiljø skal forvaltast og takast vare på som bruksressursar, og som grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping. Eit representativt utval av kulturminne og kulturmiljø skal takast vare på i eit langsiktig perspektiv.”

Eit område som i stadfesta kommunedelplan har føresegnar som legg vekt på å ta vare på kulturlandselement og verneverdige bygg (føresegnene punkt 1), har gjennom plan- og bygningslovgjevinga fått seg tillagt eit vern i eit slikt langsiktig perspektiv.

Ved vurdering av ein dispensasjon, må det etter vår syn leggjast stor vekt på om dispensasjon er direkte skadelidande for dei omsyn reguleringa skal ivareta, i dette tilfelle eit område der det er lagt spesiell vekt på dei arkitektoniske og kulturhistoriske verdiane i eit maritimt bygningsmiljø. Bygging av eit omfattande kaianlegg i fronten av eit verneverdig sjøhumiljø, er etter Sogn og Fjordane fylkeskommune, kulturavdelinga, sitt syn med på å “utvatne” dei historiske, estetiske og arkitektoniske verdiane eit område med vekt på bygningsvern skal ivareta.

Frå kulturminneloven

Kulturminnelova legg vekt på at kulturminne og kulturmiljø med deira eigenart og variasjon skal vernast både som ein del av kulturarven, vår identitet og som ledd i ein heilskapleg miljø- og ressursforvaltning. Det er eit nasjonalt ansvar å ta vare på desse ressursane som vitneskapleg kilemateriale og som varig grunnlag for nolevande og framtidige generasjonar sine opplevingar, sjølvforståing, trivsel og virke.

Frå plan og bygningsloven

Føremålet med PBL er å fremje bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar. Planlegging etter loven skal vere med på å samordne statlege, regionale og kommunale oppgåver og gje grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressursar.

Kulturminneverdiane i samfunnet vårt er å sjå på som ein ikkje fornybar ressurs. Ved å svekke kulturminneverdiane i eit område, er ein samtidig med på å ta bort noko av grunnlaget for verdiskaping, læring, oppleving og moglegheitene til ny utvikling for framtidige generasjonar.

Etter Plan- og bygningslova(Pbl) § 19.2, kan det ikkje gjevast dispensasjon dersom omsynet til dei forholda det vert gjeve dispensasjon frå, vert vesentleg sett til side, eller dersom føremålet med

sjølve lova vert sett til sides. I tillegg må fordelene ved å gje dispensasjon, etter ei samla vurdering, vere klart større enn ulempene. Der regionale og statlege mynde sitt fagområde direkte vert råka, skal dei ha moglegheit for å uttale seg før det vert gjeve dispensasjon frå planer og plankrav. Gjennom den nye plan- og bygningslova er også høve til å gje dispensasjon stramma inn.

Vi er einige med xxxxxxxx kommune i at det ut i frå den biletdokumentasjonen som er lagt ved saka, er vanskeleg å tyde kva kai som kan ha vore på staden tidlegare. Det er etter vårt syn viktigare å legge vekt på situasjonen i dag og dei forholda som var på reguleringstidspunktet. Dersom vedtaket i sak FSK-082/15 vert ståande, vil det mest truleg føre til presedens og xxxxxxxxx kommune kan dermed risikere å miste den styringsreiskapen ein kommunedelplan kan nyttast til.

Klage

Sogn og Fjordane fylkeskommune, klagar med dette på xxxxxxxkommune sitt vedtak i sak 057/16 handsama i utval for xxxxxxxxxxxx 3. oktober 2016. Grunngeving for klaga er at det etter vårt syn ikkje i tilstrekkeleg grad er teke omsyn til dei kulturhistoriske verdiane slik det går fram av reguleringsplan for xxxxxxxxxl av 10. mai 1996, der den gamle tømra driftsbygningen i xxxxxxxx, xxxxxxxløa, er regulert til spesialområde bygnings- og landskapsvern, SB7. Vi ser det som naturleg at vedtaket i sak 05 7/16 vert oppheva.

Vi ser fram til ein vidare dialog i saka.

MAL FOR MOSEGNER

Samandrag

Framlegg til motsegn gjeld areal/arealdisponeringsom er i konflikt med (Askeladden ID nr).

Bakgrunn

Grunnen til at saka er fremja

Fylkeskommunen sitt mynde

Fylkeskommunen har delegert mynde til å sjå til at (automatisk) freda vert forvalta på ein god måte gjennom arealplanlegging. Lov om kulturminne er ei særlov og går føre Plan- og bygningslova dersom det er konflikt. Dersom fylkeskommunen vel å ikkje fremje motsegna som ligg føre, kan fagansvarleg for kulturminne vurdere å sende sak uavkorta til Riksantikvaren. Dette følger av prinsippet om samarbeidsplikten i forskriftenes § 3 om faglig ansvarfordeling innen kulturminnevernet m.v. gitt av Miljøverndepartementet 30.juni 1989, jf rundskriv T-6/89. Riksantikvaren tek då over saka, inkludert det planfaglege.

Om planframlegget

Møte og synfaringar som er gjennomført

Kulturminnefagleg vurdering

Skildring av kulturminnet/kulturmiljøet med fagleg vurdering av kulturminneverdiane.

Konklusjon

Fylkesrådmannen vurderer arealføremåltil ikkje å vere i samsvar med vern av (automatisk) freda kulturminne av nasjonal verdi (ID nr.), og rår fylkesutvalet til å gå til motsegn mot at arealdisponering.....

Godkjenningsrutinar i sakshandsaminga.

Type sak	Gokjenning av plansjefen	Godkjenning av fylkesdirektør for kultur- og næring	Godkjenning av fylkesrådmann	Utsjekk med jurist
Uttale til kommunale planstrategiar			x	
Uttale til kommuneplanen sin samfunnsdel			x	
Motsegnaker			x	
Uttale til kommuneplanen sin arealdel	x			
Uttale til reguleringsplanar	x			
Uttale til dispensasjonar frå Plan og bygningslova		x		
Politiske saker HNK		x		
Varsel om motsegn til kommunale planar		x		Ved behov
Klage på dispensasjonsvedtak etter PBL		x		Ved behov
Melding om brot på kulturminnelova		x		x
Søknad om dispensasjon etter Lov om kulturminne (§ 8, 15 og 19)		x		
Fredingssaker		x		

Prøveprosjekt mellombels delegering av styresmakt i saker med heimel i kulturminnelova (kml) § 8 fyrste, andre og fjerde ledd

Brevmal for vedtak etter kml § 8. 2. ledd:

Stad, gnr./bnr., kommune, fylke. Type tiltak.

Løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne, jf. kulturminnelova § 8 andre ledd

Konflikt med id.nr. xxxxxxx

Vi viser til brev/telefon/ melding frå (*namn på den som har meldt frå om funnet*) den (*datoen*) vedrørande funn av automatisk freda kulturminne ved anleggsarbeid for (*type tiltak*) på (*gardsnamn, gnr./bnr., kommune, fylke*).

Saka gjeld funn av (*kokegrop/eldstad/kullgrop/dyrkingsspor/fyllskift/nedgraving*) som er automatisk freda i medhald av Lov om kulturminner av 1978 nr. 50 kml § 4 fyrste ledd pkt. a.

Funnet vart meldt til (*namn på fylkeskommune*) den (*datoen*).

I samsvar med § 8 andre ledd, skal vedkomande styresmakt avgjere om arbeidet kan fortsetje, og i tilfellet på kva vilkår. (*Namn på fylkeskommune*) er rett styresmakt i denne saka, i medhald til Miljøverndepartementets delegasjonsvedtak av 24.3.2011.

Vedtak

Med heimel i kulturminnelova § 8 andre ledd fattar (*namn på fylkeskommune*) følgjande vedtak:

I samanheng med etablering (type tiltak) på (gardsnamn) blir det gitt løyve til å fjerne automatisk freda kulturminne i form av (kokegrop/eldstad/kullgrop/dyrkingsspor/fyllskift/nedgraving), id.nr. xxxxx, på gnr. xx, bnr xx i (namn på kommune), jf. avmerking på vedlagd kart, stempla (namn på fylkeskommune) og datert (dato).

Løyve blir gitt med følgjande vilkår:

Før arbeidet som er knytt til (type tiltak) kan vidareførast, skal (namn på fylkeskommune) fylkeskommune gjennomføre ein avgrensa dokumentasjon av det(dei) påverka kulturminnet(kulturminna).

(Namn på tiltakshavar) skal koste den arkeologiske granskinga, jf. kulturminnelova § 10. Omfanget av arbeidet er planlagt til kr (sum), jf. budsjett utarbeidt av (namn på fylkeskommune) datert (dato).

Ev. løyve blir gitt utan vilkår om arkeologisk gransking.

Klagerett

De kan klage på vedtaket innan 6 veker frå dette brevet vart mottatt, jf. kml § 8 fyrste ledd tredje punktum. Ei eventuell klage blir retta/adressert til Riksantikvaren, men skal sendast til (*namn på fylkeskommune*) fylkeskommune.

Skildring av kulturminna

(Framstilling av det automatisk freda kulturminnet.)

(Type kulturminne) er automatisk freda i medhald av kulturminnelova § 4 fyrste ledd pkt. (x).

Skildring av tiltaket

(Skildring av tiltaket. Vurdering av kva samfunnsnytte tiltaket har. Forklaring på korleis kulturminnet vart oppdaga, og korleis fylkeskommunen mottok meldinga.

(Namn på fylkeskommune) området som er synfart (*dato*).

***(Namn på fylkeskommune)* fylkeskommune sine merknader og grunngjeving for vedtaket**

(Fylkeskommunen si vurdering av verneverdien til kulturminnet og samfunnsnyttan av tiltaket).

(Namn på fylkeskommune) finn, etter ei samla vurdering, at det kan gjevast løyve til fjerning av kulturminne i tråd med vårt vedtak med vilkår.

Vennleg helsing

Vedlegg: Kart stempla (*namn på fylkeskommune*) fylkeskommune og datert (*dato*)

Kopi med vedlegg til: Vedkomande forvaltningsmuseum

Riksantikvaren, Pb. 8196 Dep, 0034 Oslo

Prøveprosjekt mellombels delegering av fullmakt i visse saker med heimel i kulturminnelova § 8 fyrste, andre og fjerde ledd

Brevmal for del av utsegn til reguleringsplan:

Løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne med heimel i kml § 8 fjerde ledd

Innanfor reguleringsområdet er det registrert automatisk freda kulturminne i form av (*kulturminne m/id.nr.*). Desse er freda med heimel i Lov om kulturminner av 9. juni 1978 nr. 50 kml § 4 fyrste ledd pkt. (*xx*). I medhald til kml § 8 fjerde ledd skal det, i samband med handsaming av reguleringsplanen, takast stilling til om det kan gjevast løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne som blir påverka av planen. (*Namn på fylkeskommune*) er rett mynde til å avgjere dispensasjonsspørsmålet i denne saka, i medhald til delegasjonsvedtaket til Miljøverndepartementet av 24.3.2011.

Alt. 1

(*Namn på fylkeskommune*) finn etter ei samla vurdering å tillate at reguleringsplanen for (*namn på reguleringsplan*) i (*namn på kommune*) blir vedteke utan vilkår om ytterlegare arkeologisk undersøking av (*type kulturminne*) (*id.nr.*) før tiltak i medhald til planen blir realisert. Tilstrekkeleg dokumentasjon er allereie gjennomført i samband med registrering som er utført av (*namn på fylkeskommune*).

Ev. andre merknader vedrørende kulturminneinteresser.

Alt. 2

(*Namn på fylkeskommune*) finn etter ei samla vurdering å kunne tillate at reguleringsplanen for (*namn på reguleringsplan*) i (*namn på kommune*) blir vedteke utan vilkår om arkeologisk gransking av (*type kulturminne*) (*id.nr.*) før tiltak som er i medhald til planen blir realisert.

Ev. andre merknader vedrørende kulturminneinteresser.

Vedlegg: Kart stempla (*namn på fylkeskommune*) fylkeskommune og datert (*dato*)

Kopi med vedlegg til: Vedkomande forvaltningsmuseum
Riksantikvaren, Pb. 8196 Dep, 0034 Oslo

Intern sjekkliste for kulturminne/kulturmiljø/kulturlandskap ved arealplanar og planforum

Type kulturminne	Databaser	Merknadar
<p>Automatisk freda kulturminne</p> <ul style="list-style-type: none"> • Registrerte automatisk freda kulturminne • Potensiale for funn av automatisk freda kulturminne • Område med stor tidsdjupne • Funnstadar 	<p>Askeladden, Visning i Fylkesatlas Topografisk arkiv Museumstilvekts Førhistoriske minne</p>	<p>Kommuneplanar og kommunedelplanar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • må ta atterhald om at ein ikkje er einig i arealbruken. • Må ha detaljplanar til uttale. • Gjennomføring av §9 <p>Andre forvaltningsmyndigheiter RA:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Dispensasjon frå kulturminnelova • Mellomalderkyrkjegardar • festningsanlegg
<p>Freda bygningar</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vedtaksfreda bygningar kml § 15 • Områdefredingar kml § 19 • Automatisk freda bygningar 	<p>Askeladden/visning i fylkesatlas SEFRAK Matrikkelen</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Alle tiltak utover ordinært vedlikehald krev dispensasjon frå kulturminnelova. • Alle tiltak i freda område må ha dispensasjon frå kulturminnelova. <p>Alle freda bygningar som ikkje har områdefreding etter kml § 19 må få ein omsynssone etter plan og bygningslo</p> <p>Andre forvaltningsmyndigheiter RA</p> <ul style="list-style-type: none"> • Staten sine bygningar/kulturminne (vegar, kraftlinjer, jernbane osv.) • Mellomalderbygningar va-

<p>Kyrkjer</p> <ul style="list-style-type: none"> • Listeførte kyrkjer • Automatisk freda kyrkjer • Mellomalderkyrkjegardar • Kyrkjer • Kyrkjegardar frå nyare tid (lepra, krig, private osv) • Gravminne/gravsteinar 	<p>Askeladden Visning i fylkesatlas Kulturminnesøk</p> <p>Fylkeskommunen er forvaltningsmynde for omgjevnadane til dei listeførte kyrkjerne</p> <p>Andre forvaltningsmyndigheiter RA</p> <ul style="list-style-type: none"> • Mellomalder kyrkjer • Mellomalder kyrkjegardar • Listeførte kyrkjer (bygningen) <p>Andre forvaltningsmyndigheiter biskopen Alle kyrkjer</p>	
<p>Verneverdige bygningar</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kjende verneverdige bygningar og bygningsmiljø <ul style="list-style-type: none"> ○ Bygningar og miljø som allereie er regulert til bevaring • Ukjende verneverdige bygningar og bygningsmiljø • Spesielle bygningstypar • Hageanlegg • Bygningar og miljø frå 1900 til ca. 1970 • Ukjende bygningar frå før 1650 	<p>SEFRAK Fylkesatlas Verneplanar for kommunen (11. kommunar) Bygdebøker Fylkesleksikon Kulturhistoriske stadanalysar NB! registeret</p>	

<p>Andre typar kulturminne frå nyare tid</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vegar, stiar og stølsråser (ligg ofte i LNF område) • Kaier og vorrar, andre maritime kulturminne • Det gamle jordbrukslandskapet, til dømes: bakkemurar, rydningsrøyser, steingardar • Krigsminne • Produksjonsanlegg/industri/steinbrot • Andre • 	<p>Økonomisk kartverk Registreringar og rapportar frå HISF</p> <p>Andre forvaltningsmynde for statlege verneplanar er til dømes vegdirektoratet, kystverket, jernbanelverket osv.</p>	<p>Må være spesielt oppmerksom for vorrar utan naust.</p> <p>Heilskaplege miljø</p> <p>Spesielle særprega eller typiske kulturminne</p>
<p>Verdsarv</p> <ul style="list-style-type: none"> • Urnesstavkyrkje • Kvernsteinsbrota i Hyllestad • Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden 	<p>Anna forvaltningsmynde RA</p> <ul style="list-style-type: none"> • Urnesstavkyrkje • Dispensasjon etter kulturminneloven for automatisk freda kulturminne 	
<p>Kulturlandskap</p> <ul style="list-style-type: none"> • By-/tettstadmiljø • Jordbrukslandskap, både innmark og utmark, • Hagemark, til dømes hassel, bjørk, einer ol. • Heilandskap, til dømes kystlynghei, terrengdekkande myr. • Sjøbrukslandskap • Stølsvollar, bygningar, stølsråker • Det store landskapet rundt kulturminna • Industrielandskap • Immaterielle kulturminne 	<p>Registreringar og rapportar frå HISF Landskapskonvensjonen Nasjonalt verdifulle kulturlandskap Utvalde kulturlandskap i jordbruket Regionale kulturlandskapsområde Kommunevise kulturlandskapsrapportar Stadanalysar Strandsoneanalyse</p>	<p>Må vere oppmerksom på stor tidsdjupne.</p>

<p>Immaterielle kulturminne</p> <ul style="list-style-type: none"> • Stadar knytt til hendingar, segn og historie 	<ul style="list-style-type: none"> • Stadnamn • Segn, historiar, forteljingar • Bygdebøker etc. • Fylkesleksikon • Årbøker for historielag/museum ol. 	
<p>Kulturminne i vatn og sjø</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vrak • Sjøområde ved handelsstadar • Steinalder • 	<p>Bergen sjøfartmuseum Askeladden</p> <ul style="list-style-type: none"> • Alle planar som inbefattar vant og sjø skal sendast til Bergen sjøfrartsmuseum 	<p>Alle planar som inbefattar vant og sjø skal sendast til Bergen sjøfrartsmuseum</p>
<p>Kulturminne knytt til minoritetar</p> <ul style="list-style-type: none"> • Dei reisande/taterane/splintar • Samisk • Jødiske kulturminne • Våre nye landsmenn 	<p>Askeladden Stadnamn Munnlege overleveringar Bygdebøker Fylkesleksikon Årbøker frå historielag/museum ol.</p>	

Planforum - Oversiktstabell over kulturminneverdiar innanfor planområdet som det må takast omsyn til

	Type kulturminne	Samordning PSA/FM evt.andre	Vurdere motsegn	Lokalisering	Formelt vern etter Pbl og Kml.	Database/visningar	Tilråding/omsynssone
Automatisk freda kulturminne							
Freda bygningar							
Kyrkjer							
Verneverdige bygningar							
Andre typar kulturminne							
Verdsarv							
Kulturlandskap							
Immaterielle kulturminne							
Kulturminne i vatn og sjø							
Kulturminne knytt til minoritetar							

Eksempel på utfylling til planforum

Plan: Førde kommune – Skei

Kulturminnetype	Type kulturminne/namn	Lokalisering	Formelt vern etter pbl. Og kml	Database/visningar	Tilråding/omsynssone
Automatisk freda kulturminne					
Freda bygningar	Kirkevolden	Gb.nr ...	Freda kml. § 15	Askeladden Fylkesatlas Kulturminnesøk	Bygningen må merkast på plankart. Omsynssone føremål bevaring rundt tomta
Kyrkjer	Førde kyrkje	Gb.nr. ...	Listeført	Askeladden Fylkesatlas Kulturminnesøk	Kyrkja må merkast med listeført kyrkje i plankart samt 60 m omsynssone rundt den.
	Førde kyrkjegard	Gb.nr. ...	Mellomalder	Askeladden Kulturminnesøk	
Verneverdige bygningar	Hagebyen	Gb.nr. ...	Nei	Nokon få kan være i SEFRAK Kulturminnesøk	Omsynssone føremål bevaring rundt det best bevarte området.
	Eldre bygningsmiljø rundt kyrkja og prestegarden	Gb.nr. ...		SEFRAK Kulturminnesøk	
Andre typar kulturminne	Ekserisplassen	Gb.nr. ...	Nei		Omsynssone føremål bevaring. Plassen må forbli ein open plass og ikkje regulerast til byggeområde.
Verdsarv					
Kulturlandskap	Sjøhola		Spesialområde		
	Løken				

Immaterielle kulturminne					
Kulturminne i vatn og sjø					
Kulturminne knytt til minoritetar					